

Granvin herad

Sakspapir

Utval	Møtedato	Saknr
Heradsstyre	15.02.2017	006/17

Sakshandsamar:	Arkiv:	Arkivsaknr:
Kilian, Katinka	K2 - L12	12/553 - 215

Klage på heradsstyrevedtak - Nesbø hellegneissone

Dokumentliste:

PLANID 12342013001 Klage på vedtak
Klage på heradsstyresak 002/17, Reguleringsplan for Nesbø hellegneissone, planid 12342013001
Innsigelse Nesbø hellegneissone
Vedk. geologiske undersøkingar - Nesbø hellegneissone
Vedr. Innsyn dokument
Nesbø hellegneissone
Innsyn dokument - purring
Vedr. Innsyn dokument
Kopi av avtale Granvin Herad - ROM eigedom
17/207 Innsyn dokument
Innsyn dokument
Avtale kjøp av jernbaneparsell
Innsyn dokument
Adkomst jernbanetrase
Granvin - Planvedtak - Detaljreguleringsplan for Nesbø hellegneissone
Melding om vedtatt reguleringsplan - Nesbø hellegneissone - Granvin herad
Svar på brev av 1.1.17
Diverse ad heradstyremøte og Reguleringsplansak Nesbø Hellegneissone.
Varsel om alvorlig korrupsjon
Påstand om økonomisk- og miljøkriminalitet
Adkomst skog på jernbanetrase og stengd overgang mm
Melding om vedtatt reguleringsplan - Nesbø hellegneissone - Granvin herad
Utglijing- Steinsprangrisiko. Rapport frå Cowi 11.12.16
Gjeld reguleringsplan for Nesbø hellegneissone - PlanID 2013001 - Spildo - Granvin herad
Tilleggsopplysningar til sak om reguleringsplan Nesbø hellegneissone til HS 14.12.16
Korrespondanse - Granvin - Nesbø Hellegneissone - PlanID 12342013001 - Detaljreguleringsplan
Svar på spørsmål om reguleringsplan for Nesbø hellegneissone
ØKOKRIM ?? Klage - Ugylig vedtak formannskapsmøte 15.11.16 Nesbø Hellegneissone
Klage - Ugylig vedtak formannskapsmøte 15.11.16 Nesbø Hellegneissone
SV: Svar på e-post frå 14.11.2016
SV: Svar på e-post frå 14.11.2016
Klage - Ugylig vedtak formannskapsmøte 15.11.16 Nesbø Hellegneissone
Klage - Ugylig vedtak formannskapsmøte 15.11.16 Nesbø Hellegneissone
Spørsmål ad diverse pågåande arbeid i Øvre Granvin
Gjeld reguleringsplan for Nesbø hellegneissone - PlanID 2013001 - Spildo - Granvin herad
Svar på e-post frå 14.11.2016
Ad Reguleringsplan Nesbø hellegneissone
Ad Reguleringsplan Nesbø hellegneissone
Ville tilstander i Øvre Granvin - anarki??
Spørsmål ad diverse pågåande arbeid i Øvre Granvin
Kommentar til brev på innsyn
Entreprenøraktiviteter i Øvre Granvin
Spørsmål til det planlagde steinbrotet i Granvin
Svar på spørsmål om det planlagde steinbrotet i Granvin
Merknad - Granvin - Nesbø Hellegneissone - PlanID 12342013001 - Detaljreguleringsplan
Revidert planframlegg - Granvin - Nesbø Hellegneissone - PlanID 12342013001 - Detaljreguleringsplan
DMFs fråsegn til meklingsdokument for Meklingsmøte - Reguleringsplan for Nesbø hellegneissone i Granvin herad
Reguleringsplan Nesbø Hellegneissone - Plan ID 1234 2013001
Vedk. mekling om motsegn 23.09.16
Meklingssak i Granvin
Forslag til rensepark i Nesbø Hellegneissone
SV: Meklings sak i Granvin
Forespurnad om mekling
Til orientering: Brev frå fylkesmannen vedk. motsegn
Vidareføring av motsegn - Granvin - Detaljreguleringsplan for Nesbø Hellegneissone
Svar på epost vedr forespørsel om bistand til innsyn i offentlige dokument - Detaljreguleringsplan for Granvin hellegneissone - Granvin herad

Vedkomande innsyn i dokument
Klage på forespurnad om innsyn
Klage på forespurnad om innsyn
Klage på innsyn Nesbø Hellegneisone
Nesbø Hellegneisone - Øvre Granvin - Vedr motsegn mot reguleringsplan
Dokument i arkivsak
Forespurnad - Nesbø Hellegneisone
Vurdering av motsegn til reguleringsplan Nesbø Hellegneisone planID 2013001
Varsel om vurdering av korrupsjonsanmeldelse
Nesbø Hellegneisson -Granvin
Endelige plandokument - Nesbø Hellegneisone - Granvin kommune. Mail 3/3
Endelige plandokument - Nesbø Hellegneisone - Granvin kommune. Mail 2/3
Endelige plandokument - Nesbø Hellegneisone - Granvin kommune. Mail 1/3
Kopi: Fylkesmannens beslutning - omgjøring og sakskostnader - Klage - Granvin - Del av Gnr 92 Bnr 1 og Gnr 93 Bnr 1 - Nesbø Hellegneisone - Sakskostnader - Reguleringsplan
Korrespondanse - Granvin - Nesbø Hellegneisone - PlanID 12342013001 - Detaljreguleringsplan
16/850 Orientering om planarbeidet
Orientering om planarbeidet
Uttale til brev frå adv. Våge 13.01.16
SV: Vedr. reg.plan
Vedr. reg.plan
Vedr. reg.plan
Vedr. reg.plan Granvin
Granvin herad - del av gnr 92 bnr 1 og gnr 93 bnr 1 - Nesbø Hellegneisone - klage over avslag på søknad om dekking av sakskostnader - oppmoding om omgjøring av Fylkesmannen sitt vedtak av 20.10.2015
Spørsmål - Klage - Granvin - Del av Gnr 92 Bnr 1 og Gnr 93 Bnr 1 - Nesbø Hellegneisone - Sakskostnader - Reguleringsplan
Spørsmål - Klage - Granvin - Del av Gnr 92 Bnr 1 og Gnr 93 Bnr 1 - Nesbø Hellegneisone - Sakskostnader - Reguleringsplan
Spørsmål - Klage - Granvin - Del av Gnr 92 Bnr 1 og Gnr 93 Bnr 1 - Nesbø Hellegneisone - Sakskostnader - Reguleringsplan
Vedk. førehåndvurdering av planområde
Revidert areal reguleringsplan
Stadfesting - Granvin herad- Del av Gnr 92 Bnr 1 og Gnr 93 Bnr 1 - Nesbø Hellegneisone - Sakskostnader - Reguleringsplan
Vedkommande spørsmål om steinuttak
Vedkommande steinuttak - SÅkvitnehagen - Granvin
Vedk. innhenting av opplysningar - SÅkvitnehagen -Granvin -Steinuttak 445 mål
Referat frå møte 23.06.15
Vedk. merknad etter fristen
Forsinket klage på steinuttak!
Svar på forespurnad om utsett frist 12.05.15
Oversending av innkomne merknader etter offentlig ettersyn
Kopi av brev til Avisa Hordaland v/Karl Ystanes
Samordna uttale med motsegn i sak: Offentleg ettersyn - Granvin - Nesbø Hellegneisone - PlanID 12342013001 - Detaljreguleringsplan
Svar på offentlig ettersyn - detaljreguleringsplan Nesbø Hellegneisone i Granvin herad
Det.reg.plan - Nesbø - Hellegneisone
Statens vegvesen sin uttale til offentlig ettersyn - reg.plan Nesbø Hellegneisone i Granvin herad
Offentleg ettersyn - reguleringsplan Nesbø hellegneisone planID 1234 2013001
Merknader til offentlig ettersyn - reg.plan Nesbø hellegneisone
Klage - Innsyn i dokumenter - Protokoll fra formannskapsmøte 18.03.2015 - Granvin
Offentleg ettersyn - detaljreguleringsplan Nesbø Hellegneisone planID 12342013001 - Granvin herad - fråsegn
Vedk. innhenting av opplysningar
SÅkvitnehagen
Merknader til detaljreguleringsplan Nesbø Hellegneisone
Kopi: Klage på avslag innsyn + Vedrørende habilitet ved vedtak om offentlig ettersyn, PlanId 12342013001. Ber om lovlighetsvurdering
Kopi: Vedrørende habilitet ved vedtak om offentlig ettersyn, PlanId 12342013001. Ber om lovlighetsvurdering
Vedk utsett frist
Vedk. spørsmål og innsynskrav
DMF ber om utsatt høringsfrist for plansak - Detaljreguleringsplan Nesbø Hellegneisone i Granvin Herad
Merknader til Offentleg ettersyn - reguleringsplan Nesbø hellegneisone planID 1234 2013001
Reg.plan Nesbø hellegneisone
Høyringsuttale Nesbø hellegneisone
Hellegneisone Nesbø
Detaljreguleringsplan Nesbø Hellegneisone planID 12342013001 - Granvin herad
Vedrørende møte i Granvin Formannskap 18.03.15, Ber fortsatt om redegjørelse, Avventer merknader til offentlig ettersyn i sak om Nesbø Hellegneisone
Granvin - Nesbø Hellegneisone - PlanID 12342013001 - Detaljreguleringsplan - Utvida høyringsfrist
DMF ber om utsatt høringsfrist for plansak - Detaljreguleringsplan Nesbø Hellegneisone i Granvin Herad
Fråsegn til offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan Nesbø Hellegneisone - PlanID 12342013001 - Granvin herad. NVEs referanse: 201303775-7
Vedk. innhenting av opplysningar
Høyringsuttale til detaljreguleringsplan Nesbø Hellegneisone, Granvin herad
Merknad til detaljruleringsplan - Nesbø Hellegneisone - plan ID 12342013001
Uttale - steinbrot i SÅkvitnahagen - ekstraveg på jernbanetraséen
Innspill vedr. reg. plan SÅkvitnehagen - innhenting av opplysninger
Innspill vedr. reg. plan SÅkvitnehagen - innhenting av opplysninger
Svar vedkomande møte Granvin formannskap
Vedrørende møte i Granvin Formannskap 18.03.15
Annonse i Hordaland
Offentleg ettersyn - detaljreguleringsplan Nesbø Hellegneisone planID 12342013001 - Granvin herad
Oversending av klage - avslag på dekking av vesentlege sakskostnader - Granvin herad
Plandokument - Nesbø - hellegneisone - Granvin
Nesbø hellegneisone - viser til notatet av 26.01.15
Kommentar til innsendt framlegg til reguleringsplan for Nesbø hellegneisone med KU
Dokumentgrunnlag for Masseutak - Nesbø, hellegneisone
Klage på vedtak avslag sakskostnader jfr Fv1 § 36

Svar på begjæring om å få sakskostnader tilkjent
Nesbø Hellegneissone - prøvedrift og reguleringsplanarbeid
Støyrapport
Revidert ROS-analyse
Støyrapporrapport og geologisk rapport
Vedk. innsyn i støyrapport datert 24.04.13
Vedk. innsyn i støyrapport datert 24.04.13
Orientering
Nesbø Hellegneissone - Ber om innsyn i støyrapport datert 24.04.13
Vedk. innsyn og spørsmål
Vedk. forespurnad om innsyn
Vedk. forespurnad om innsyn
Vedk forespurnad om innsyn
Ber om innsyn sak 2012000553
Svar på spørsmål om planprg og framdrift
Planprogram og framdrift
Melding om fastsetjing av planprogram - reguleringsplan Nesbø hellegneissone, plan ID 12342013001
Underskriftslistor mot steinbrotdrift i Såkvitnehagane
Såkvitnehagane
Såkvitnehagane
Vedr innspill til planprogram-Granvin
Vedr Planprogram - Granvin Herad.
Oversendelse av revidert planprogram for Nesbø hellegneissone på del av gnr 92/1 og 93/1 - uttale
E-postkorrespondanse: Planprogram-hellegneissone Nesbø, Granvin
Planprogram for reguleringsplan for Nesbø hellegneissone i Granvin herad. Merknader frå Direktoratet for mineralforvaltning
Statens vegvesen sine merknadar til varsel om oppstart-Nesbø hellegneissone , Granvin
Kopi av brev vedk tilsyn - oppfølging av opprydding og sikring av avslutta uttak, gnr. 93/1 og 93/3
Uttale detaljreguleringsplan Nesbø hellegneissone
Detaljregulering Nesbø hellegneissone
Kopi av uttale 13/00563-3 - Varsel om oppstart samt høring av planprogram for detaljregulering av Nesbø hellegneissone i Granvin herad
Innspeil til nytt varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Nesbø Hellegneissone
E-post korr.: Vedr reg.plan Granvin
E-post korrespondanse: Vedr RegPlan Granvin
E-post korrespondanse: Vedr RegPlan Granvin
Vedr varsel om oppstart - Nesbø hellegneissone, Granvin
Svar på spørsmål vedk. avslutning av prøvedrift
Svar på brev vedk. avslutning av prøvedrift
Såkvitnehagane
Vedk. avslutning av prøvedrift
Motteken klage på prøveuttak av murestein ved Såkvitnehagen gbnr 93/1 og 93/3 i Granvin herad
Merknad til prøveuttak av naturstein ved Såkvitnehagen i Granvin herad
Hastebehandles for oppdette virkning i stans av ulovlig uttak av murstein og biprodukter 1/2
VS: Steinuttak Såkvitnehagen
Stans i arbeid - oppsettende virkning - monstertase Granvin - ulovleg uttak av murstein.
Prøvedrift Naturstein Såkvitnehagane
Mineralstatistikk - Bergverksberetning 2011
Kopi: Forhåndsvarsel om pålegg om stans av uttak i Såkvitnehagen gbnr 93/1 og 93/3, Granvin herad - Brudd på mineralloven § 43.
Tiltakshaver Granvin Maskinstasjon AS
Varsel om oppstart av reguleringsplan for Nesbø hellegneissone på del av gbnr. 92/1 og 93/1 i Granvik herad
Innspeil til varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan Nesbø Hellegneissone - Del av GBnr 92/1 og GBnr 93/1 mfl - Granvin
Uttale - Oppstart - Granvin - Del av Gnr 92 Bnr 1 og Gnr 93 Bnr 1 - Området RÅ 2 - Nesbø Hellegneissone
Statens vegvesen sine merknader til oppstart av planarbeid for område RÅ 2 - Nesbø Hellegneissone - Granvin herad
Ang.natursteinuttak av massedeponi
Ang. møte om steindrift i Såkvitnehagen
Re. Møte om steindrifta i Såkvitnehagen
SV: ang. infomøte i Granvin
SV: ang. infomøte i Granvin
Ang. infomøte i Granvin
Infomøte om natursteinuttak og massedeponi
Vedk. oppstartsmelding for RÅ 2
Varsling om oppstart av planarbeid
RÅ2 - e-post korrespondanse
Oppstartmøte RÅ2 - e-post korrespondanse
Referat frå oppstartsmøte 07.01.13
Tinging av oppstartmøte for reguleringsplan
Svar på e-post: RÅ2
Svar på e-post: RÅ2
E-post: RÅ2

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel
30.01.2017	Innsigelse Nesbø hellegneissone
30.01.2017	Innsigelse Nesbø hellegneissone
30.01.2017	Klagen
30.01.2017	Vedlegg 1
30.01.2017	Vedlegg 2
30.01.2017	Vedlegg 3
30.01.2017	Vedlegg 4

Dok.dato	Tittel
31.01.2017	PLANID 12342013001 Klage på vedtak.
31.01.2017	Klage på vedtak. Nesbø hellegneissone

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Klage på vedtatt detaljreguleringsplan for Nesbø hellegneissone, plan ID 1234 2013001, frå grunneigarar og naboar Jon Spildo Prestegard, Harald Midttvedt Kløve m.fl., vert ikkje stetta.
 - a. Klagen vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for handsaming
2. Klage på vedtatt detaljreguleringsplan for Nesbø hellegneissone, plan ID 1234 2013001, frå grunneigar av gnr. 88, bnr. 1, Aud Gurine Erga, vert ikkje stetta.
 - a. Klagen vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for handsaming
3. Klage på vedtatt detaljreguleringsplan for Nesbø hellegneissone, plan ID 1234 2013001, frå Norges Miljøvernforbund, vert ikkje stetta.
 - a. Klagen vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for handsaming

15.02.2017 Heradsstyre

Ordføraren sa frå om at både ho og varaordføraren ville be om å få gildskapen sin vurdert. Det måtte då oppnemnast ein setjeordførar, og ho ba om framlegg. Martin Hamre kom med framlegg om Knut Endre Folkedal som setjeordførar, og han vart samrøystes vald. Knut Endre Folkedal (SP) tok plass og leia møtet under vurderinga av gildskapen.

Ordførar Winjum (V) ba om å få gildskapen sin vurdert, dottera er ein av grunneigarane. Astrid Dale Vindal var kalla inn og møtte som vara.

Hans Jakob Mæland (H) ba om å få gildskapen sin vurdert då svigersonen er tilsett i firma (Granvin Maskinstasjon) som skal driva utvinning.

Marianne Espeland (SV) ba om å få gildskapen sin vurdert, dottera er sambuar med ein av grunneigarane. Sjøvat Røystrand Hus var kalla inn og møtte som vara.

Annlaug Haugse Såkvitne (SP) ba om å få gildskapen sin vurdert, son hennar er nyleg tilsett som bergverksarbeidar i Granvin Maskinstasjon, hovudsakleg i dette prosjektet. Ingrid Sæbø var kalla inn og møtte som vara.

Erling Bruvik (SP) ba om å få gildskapen sin vurdert, han er grunneigar langs den tidlegare jernbanelina som først var med i reguleringsplanen, men som no er ute av planen.

Torbjørn Amundsen (V) ba om å få gildskapen sin vurdert, han er gift med ein av grunneigarane. Jenny Sofie Eidnes Kjerland var kalla inn og møtte som vara.

Dei 6 som ba om å få gildskapen sin vurdert tredje frå, og dei 4 innkalla varamedlemene tok plass.

Gildskapen vart vurdert for kvar enkelt person:

Ingebjørg Winjum: Ugild - samrøystes

Hans Jakob Mæland: Gild - mot 1 røyst (Lars Brekke)

Marianne Espeland: Ugild - samrøystes

Annlaug Haugse Såkvitne: Ugild - samrøystes

Erling Bruvik: Gild - samrøystes

Torbjørn Amundsen: Ugild - samrøystes

Hans Jakob Mæland og Erling Bruvik tok plass att, og varaordførar Hans Jakob Mæland (H) overtok møteleiinga under handsaminga av saka.

Rådmannen presiserte at dei tre klagebreva er datert i 2017, og ikkje i 2016 som det står i saksutgreiinga.

Under Vurdering Del 1 skriv administrasjonen at fire heradsstyrerepresentantar blei kjend ugilde i handsaminga av saka 4.1.17. Dette er feil. Det var fem representantar som bad om å få sin habilitet vurdert. Tre blei kjend ugilde.

Rådmannen presiserte og at det har vore halde synfaring for formannskapet i steinbrotet den 27.5.14, men at det er rett at det ikkje har vore synfaring for heradsstyret.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

HS- 006/17 Vedtak:

1. Klage på vedtatt detaljreguleringsplan for Nesbø hellegneissone, plan ID 1234 2013001, frå grunneigarar og naboar Jon Spildo Prestegard, Harald Midttvedt Kløve m.fl., vert ikkje stetta.
 - a. Klagen vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for handsaming
2. Klage på vedtatt detaljreguleringsplan for Nesbø hellegneissone, plan ID 1234 2013001, frå grunneigar av gnr. 88, bnr. 1, Aud Gurine Erga, vert ikkje stetta.
 - a. Klagen vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for handsaming
3. Klage på vedtatt detaljreguleringsplan for Nesbø hellegneissone, plan ID 1234 2013001, frå Norges Miljøvernforbund, vert ikkje stetta.
 - a. Klagen vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for handsaming

FAKTA:

Bakgrunn

Nesbø hellegneissone er ein natursteinsførekomst ovanfor gardane Såkvitne og Nesbø i Øvre Granvin. Førekomsten vart teke inn i arbeidet med førre kommuneplan (2009), men etter mekling med Fylkesmannen i Hordaland (FMHO) vart området berre markert som omsynssone i kartet. Etter prøvedrift vart førekomsten kartlagt på nytt og det vart starta opp arbeid med reguleringsplan med konsekvensutgreiing (KU). 13.06.13 vart det gjennomført eit informasjonsmøte om prøvedrift og planarbeid for grunneigarar og naboar. Oppstart vart varsla 01.06.2013 og på nytt 19.12.2013.

I samband med varsling av oppstart og høyring av planprogrammet kom det til saman inn 16 merknadar, 5 frå offentlege instansar og 11 frå private.

Planarbeidet vart godkjent politisk og lagt ut til offentlig ettersyn 24.03.2015. Det kom inn 16 innspel etter offentlig ettersyn av planframlegget, 6 frå offentlege instansar og 10 frå private. Innspela handla i hovudsak om landskapsbilete, støy- og støvproblematikk, rasfare og trafikktilhøve. FMHO fremja motsegn til høyringsframlegget. Det har i ettertid vore dialog mellom tiltakshavar, Granvin herad og FMHO. Framlegget vart så revidert og spørsmål underbygde med ekstern fagbistand. I sum førte dette til at FMHO trakk motsegna, og 14.12.2016 vart revidert detaljreguleringsplan for Nesbø hellegneissone godkjent i heradsstyret.

I etterkant av møtet vart det gjort kjend at drøftinga og avstemminga i habilitetsspørsmålet ikkje vart handtert rett etter kommunelova § 40 nr. 3 og forvaltningslova § 8. Saka vart derfor handsama på nytt, jf. forvaltningslova § 8 2. ledd, og endeleg godkjent i heradsstyret 04.01.2017. Vedtaket vart sendt offentlege høyringsinstansar, grunneigarar og naboar 09.01.2017.

Føremål

Føremålet med planarbeidet var å laga ein detaljreguleringsplan som legg til rette for rasjonell drift av Nesbø hellegneissone i Granvin med tilknytingspunkt på Moe. Anleggsveg vil vere lagt til eksisterande jernbanetrasé og det vil verte oppretta eit anleggsområde for rigg og drift i tilknytning til traséen, sør for Nesbø. Området er rikt på murstein og er ein god lokal-ressurs for Granvin.

Organisering

Granvin Maskinstasjon AS er tiltakshavar for planarbeidet. Aurland Naturverkstad er konsulent for planarbeidet. I tillegg har COWI, Sweco, Ecofact og Johannes Vik Seljebotn bidrege med fagrapportar.

Saksgang

- 18.04.11 Løyve til prøvedrift for uttak av naturstein i Såkvitnehagen
- 26.03.12 Forlenging av løyve til 15.09.13
- 01.06.13 Oppstart av planarbeid for området for uttak av naturstein
- 13.06.13 Informasjonsmøte om prøvedrift og planarbeid. Invitasjon til grunneigarar og naboar. Frode Atterås frå Sweco presenterte støykartlegging for området
- 19.12.13 Revidert oppstart av planarbeid som reguleringsplan med vesentleg verknad for miljø og samfunn med frist 07.02.14
- 27.05.14 Fastsetjing av planprogram og synfaring i Granvin formannskap
- 15.01.15 Innsending av planframlegg i 1.gongs handsaming
- 26.01.15 Notat frå administrasjonen vedk. manglar i framlegget
- 02.03.15 Revidert planframlegg i 1.gongs handsaming
- 03.06.15 Motsegn frå FMHO
- 28.04.16 Revidert framlegg frå tiltakshavar
- 17.06.16 Motsegn vert opprettheld
- 04.07.16 Granvin herad ber om mekling
- 02.09.16 Granvin herad sendar revidert framlegg som grunnlag for mekling
- 23.09.16 Fylkesmannen trekkjer motsegn på vilkår
- 14.12.16 Planforslag godkjent i Granvin heradsstyre
- 04.01.17 Ny handsaming. Planforslag godkjent i heradsstyre

Granvin herad har motteke tre klager på heradsstyrets vedtak 04.01.2017:

- Jon Spildo Prestegard, Harald Midttvedt Kløve m.fl., brev datert 29.01.2016
- Aud Gurine Erga, brev datert 29.01.2016
- Norges Miljøvernforbund, brev datert 30.01.2016

Under er dei tre klagane samanfatta og vurdert.

VURDERING:

Jon Spildo Prestegard, Harald Midttvedt Kløve m.fl.

Klage på heradsstyresak, saksnr 002/17. Brev datert 29.01.16.

Jon Spildo Prestegard, Harald Midttvedt Kløve m.fl. er grunneigarar og naboar. Dei skriv i si klage at dei opplever at forvaltningsorganet har opptredd partisk i saka og at saksutgreiinga har vore mangelfull. Klaga er delt i to hovuddelar.

Den fyrste omhandlar klage på den formelle prosessen rundt heradsstyremøtet 04.01.17, inkl. innsynsrett/offentleggjering, så vel som spørsmål om habilitet. Den andre tek for seg tema i saksutgreiinga.

Del 1: Heradsstyremøtet 04.01.17 og spørsmål om habilitet

Påstand: Heradet freistar å halda informasjon i denne saka unna allmenta. Dette gjer dei mellom anna ved å unnlata å opplyse om nytt heradsstyremøte og ny handsaming av reguleringsplanen på møteplan eller på heimesida i romjula. Heradet bryt dermed med vanleg praksis. Det vert i klaga peika på at det var ordførar som kalla inn til møtet 04.01.17, endå ho er inhabil i saka, og at ho slik står ansvarleg for at informasjonen ikkje var synleg for allmenta.

Kommentar: Møteplan vart retta og innkalling sendt politikarane 21.12.16. Møtet vart òg kunngjort i lokalavisa 31.12.16. I brev til Jon Spildo Prestegard, frå 06.01.17, svarar rådmannen mellom anna på påstandar om mangelfulle innsynsmogelegheiter i saka og brot i praksis ved innkalling til heradsstyremøte 04.01.17. Rådmannens skriv mellom anna:

Då innkallinga blei sendt ut til politikarane, blei samtidig Møteplan på innsyn på heimesida til heradet, oppdatert og sakspapira blei lagt ut der. Det er difor feil at innkalling og sakliste ikkje var tilgjengeleg før tysdag 3.1.17. Tenestetorget lagar ofte nyheitssaker om innkalling til politiske møter i tillegg til utlegging på innsyn. Dette blei ikkje gjort denne gongen på grunn av låg bemanning og stort arbeidspress.

Administrasjonen ynskjer å understreke at denne saka har vore ei open sak, der ingen dokument har vore unnateke offentlegheita, og der allmenta har hatt tilgang til alle saksdokument på heradets heimeside og høve til å følgje saksgangen. Det har vore kunngjeringsar i lokalavisa, og halde eit offentleg informasjonsmøte. Vedkomande møteplanen så er ikkje den juridisk bindande, og heradet kan endre på planen der ein finn det tenleg. I dette høvet skuldast endringa at administrasjonen la vekt på å rette sakshandsamingsfeilen, som vart gjort under møtet 14.12.16, så snart som mogeleg etter at ein vart merksame på feilen. Innkalling til heradsstyret vart gjort av ordførar og er i tråd med kommunelova §32.

Påstand: Tidspunktet for heradsstyremøtet vart lagt slik at det ikkje var mogeleg med synfaring, og at rådmannen og fleire politikarar ikkje er kjende med kvar steinbrotet er planlagt.

Det er rett at det ikkje vart lagt opp til synfaring ved dette møtet, og det har heller ikkje vore lagt opp til synfaring ved handsaming av saka i tidlegare heradsstyremøter. Granvin er eit lite herad, og det vart forventa at dei lokale politikarane, på bakgrunn av saksdokumenta og sakas relativt lange historie, var kjende med planområdet. Som sakshandsamar og rådmannens representant, var dåverande plansjef Ebbe Dam Meinild på fleire synfaringar i planområdet og i dalføret.

Påstand: Gjennomføringa av heradsstyremøtet var ikkje i tråd med regelverket. Ordførar skulle ikkje ha innleia møtet då ho var inhabil. Røystinga vart gjort på ei uryddig måte og det vart ikkje opna for diskusjon og vurderingar under møtet, berre røysting.

Kommentar: Ordførar innleia møtet med å gje formell informasjon om behovet for ny røysting i habilitetsspørsmålet. Dette er i tråd med § 32 i kommunelova. Då heradsstyret behandla saka 04.01.17 vart det opna for diskusjon, men ettersom ein var gjennom same diskusjon vart teke 14.12.16 var synspunkt og vurderingar allereie kjende og det vart difor ingen debatt. Sjå neste punkt vedkomande habilitetsavgjerda.

Påstand: Heradet manglar kunnskap når det gjeld habilitetsvurderingar, og dette har påverka utfallet av saka. Det vert vist til sakshandsamingsfeil i habilitetsspørsmålet i møtet 14.12.16,

og forfattarane av klaga hevdar at det òg i møtet 04.01.17 vart gjort fleire feil i samband med habilitetsvurderingar.

Kommentar: Før saka vart realitetshandsama i heradsstyret sitt møte 04.01.17 var det 5 representantar som ville få sin habilitet vurdert. Dette vart handsama i samsvar med kommunelova § 40 pkt 3. Fire representantar vert kjende ugilde og ein representant vart kjend gild. I det siste høvet låg det ikkje føre vilkår for ugildskap etter fvl § 6, 1. ledd .

Representanten kan òg kjennast ugild etter fvl. § 6, 2. ledd. Når «særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet.» Representanten sin svigerson har arbeidstilhøve hjå tiltakshavar. Heradsstyret fann ikkje at representanten sin tilknytning til bedrifta gjennom svigersonen oppfyller vilkåret etter § 6, 2.ledd. Det er å merka at svigersonen sitt tilhøve heller ikkje er omfatta av reglene i fvl § 6, 1. ledd bokstav e.

Legg ein tolkingar i Karnov (Norsk Lovkommentar) til grunn skal spørsmål om gildskap etter fvl § 6, 2. ledd objektiverast til ytre tilhøve ved den konkrete saka. Klagar kan difor ikkje høyrast med si skildring av representanten sitt generelle engasjement i saka. Etter juridisk praksis med visning til fvl § 6, kan politisk engasjement i forhold til bestemte standpunkt i politiske spørsmål ikkje lett kunna sjåast som «egnet til særegne forhold».

Spørsmålet om gildskap var ikkje avgjerande for utfallet av saka, jf. fvl § 41. Vedtaket vart gjort samrøystes.

Del 2: Saksutgreiinga

Forfattarane av klaga lister sju punkt som omhandlar tema dei meiner ikkje er godt nok dokumentert som grunnlag for politisk vedtak. Dei sju punkta og tilhøyrande påstandar vert kommenterte under. Men administrasjonen vil presisera at dette er tema som det har vore jobba mykje med i planprosessen, og det har vore dialog med både fylkesmannen, NVE og direktoratet for mineralforvaltning. Utgreiing og vurdering av tema som naturfare, landskap og avrenning utgjør ein vesentleg del av planframlegget med vedlegg, noko som er naturleg når tiltaket gjeld eit steinbrot. Samstundes er det sjølvst tema ein aldri får uttømmende kunnskap om. Spørsmålet er om ein har *tilstrekkeleg kunnskap*. Me meiner perspektivet med oppfølging i driftstida er viktig, og her har heradet gjeve seg sjølv ei rolle, jf. punkt 3.1.1 bokstav e i føresegna.

Denne måten å tilnærma seg problemstillinga på gjer at ein kan følgje opp på eit konkret nivå og ta høgde for utilsikta konsekvensar. Granvin herad er innforstått med at dette tiltaket vil krevja tett oppfølging frå kommunen i dei åra det er i drift.

1. Geologi

Påstand: Reguleringsplanen bør avklare grunntilhøve og rasfare på Klyve og Spildo

Kommentar: Det vart tidlig utført geologiske vurderingar i sjølve planområdet. I høyringsrunda vart heradet så gjort merksame på problemstillingar knytt til rasfare og potensielt ustabile grunntilhøve utanfor det området ein hadde vurdert. Desse innspela meiner me vart tekne på alvor. Heradet fekk utarbeidd ein rapport der skredfaren som fylgje av sprenging i steinbrotet, vart vurdert. Rapporten *Skredfarevurdering i Øvre Granvin*, frå 19.02.2016, vart utarbeidd av miljøgeolog Oddmund Soldal i COWI med hjelp frå Instandes AS, og byggjer mellom anna på innhenta grunnlagsdata og kart, simuleringar av steinsprang og observasjonar i felt. I rapporten konkluderer dei med at faren for snøskred og lausmasseskred er låg og tilfredsstillar krava (S1) angjeve i TEK 10, § 7.23. På bakgrunn av rapporten vart òg ROS-analyse utvida og revidert.

Reguleringsplanens ROS-analyse tek opp dei risikomoment som er en konsekvens av planen ut i frå gjeldande regelverk. Gjennom arbeidet med planen er moglege hendingar og potensielle farar vurdert og det er knytt fagleg kompetente analysar (jf. saksvedlegga i form av rapporter mv.) til desse tema.

Det er likevel slik at me ønskjer å følgje opp spørsmål reist om konsekvensen av aktiviteten heimla i planen. I ljuset av dette vart det henta inn ei ny vurdering frå COWI AS i, frå 11.12.2016. Denne skal sjåast saman med skredvurderinga, og stettar dei geologiske vurderingane i saka så langt. Vurderinga bygger mellom anna på innhenta informasjon frå grunneigarar og nye rystelsesberekningar gjennomført av Instanes AS. Sistnemnde viser at [...] *vibrasjonar fra planlagt steibrudd ikke er store nok til å medføre deformasjoner i løsmasser, sjølv ved forekomster av bløt leire mot foten av skråningen og i dalbunnen* (notat frå 09.12.2016, s. 3). Med bakgrunn i dei usikre momenta og tilråding som gjekk fram av denne vurderinga, vart det lagt til eit eige punkt i endeleg vedtak av reguleringsplanen i heradsstyret den 04.01.2017:

Det vert gjennomført geotekniske vurderingar og rystelsesmålingar i området. Undersøkningsplan skal leggjast fram for NVE før gjennomføring.

Når det gjeld grunntilhøve og rasfare på Klyve og Spildo har dette vore vurdert på eit overordna nivå. På bakgrunn av konklusjonane i dei nemnde vurderingane til COWI AS/Instanes AS meiner me at ei meir detaljert avklaring ligg utanfor det reguleringsplanen skal utgreie. Det er vanleg at relevante utgreiingar knytt seg til planområdet, eller nærleiken av dette. Om det er naudsynt å regulere for å sikre – til dømes avgrense/bandleggje aktivitet - må ein utvide planområdet og gjere naudsynte analyser. Heilt konkret måtte ein då sjå på alt areal under marin grense i dalen, samt vurdere rasfaren over alle bygningar på Spildo og Kløve. I dette tilfelle meiner me det går ut over eit rimeleg krav til reguleringsplanen, og visar til at der er lagt opp til ei vidare utgreiing og dialog med NVE.

2. Naturmangfald

Påstand: Reguleringsplanen er utilstrekkeleg kva angår naturmangfald.

Kommentar: Planen har eit godt kunnskapsgrunnlag kva angår naturmangfald. Det vil ofte vere slik at ein part ønskjer meir kunnskap om eit tema. I planarbeidet må ein likevel gjera vurderingar av når ein har nok kunnskap. Som regel er det slik at ein følgjer indikasjonar på viktige område, artar mv. på bakgrunn av overordna undersøkingar.

Både naturmangfaldlova (§ 8) og forskrift om konsekvensutredningar for planer etter plan- og bygningsloven (§ 7) inneheld formuleringar om kva krav ein bør stille til kunnskapsnivået, i dette tilfelle for naturmangfald/naturmiljø. Sentrale tilhøve som vedkjem naturmiljøet i området er skildra og vurdert i planomtale med konsekvensutgreiing. Dei gjer klart kva konsekvensar planen vil ha og kor store (negative) dei kan vere. Kunnskapsnivået planen formidlar står i høve til den risiko for skade på naturmangfaldet som ein vurderer at det planlagde steinbrotet ville kunne medføre.

3. Landskapsområdet

Påstand: Planen burde ikkje vore vedteken da konsekvensen for landskapet er 'stor negativ'.

Kommentar: Konsekvensar for landskap/landskapsbilete er skildra og vurdert. Planomtale og konsekvensutgreiinga gjer klart kva konsekvensar planen vil ha og kor store (negative) dei kan vere. Planen inneheld 3D-analyser og innsynssnitt. Begge deler er vist frå fleire ulike vinklar, som i sum får fram korleis innsynet til landskapet, der planområdet ligg, vert påverka. Landskapsverkander var eitt av tema det vart knytt motsegn til frå Fylkesmannen, og det har sidan høyringsrunda vorte arbeidd mykje med temaet i planframlegget. Konsekvensutgreiinga, slik den no ligg føre, viser at innsynet frå motsett side av dalen, og

landskapsrommet som heilskap, vert påverka i stor grad. Som eit avbøtande tiltak er planområdet delt inn i felt, slik at minst mogleg areal skal vere i drift til ein kvar tid. Det er vist korleis drifta vil sjå ut over tid og korleis det er mogleg å revegetere områder der drifta er avslutta. Inndeling i driftssoner og istandsetting er heimla i § 2.2.2 og § 3.1.1 i føresegna.

4. Avrenning og fare for ureining

Påstand: Det er ikkje teke tilstrekkeleg høgde for ureining av Storelva i planframlegget. I tillegg vil støv vere eit problem i tørre periodar.

Kommentar: Reguleringsplanen baserer seg på to ulike vurderingar når det gjeld vass- og forureiningsproblematikken. Rådgivande biologer har vurdert verknaden for fisk og ferskvatnsbiologi i Storelvi (rapport datert 26.01.2016) medan Ecofact beskriver løysingar knytt til handtering og reinsing av overvatn og bekkeløp (rapport datert 09.08.2016). I sum skisserer planen ei måte å løyse avrenninga på som me meiner vil kunne skjerme Storelvi på ein akseptabel måte. Dei avbøtande tiltaka består av avskjerande grøfter for oppsamling og bortføring av overvatn rundt masseuttaket, etablering av reinseparkar med biologisk reinsing, og program for overvaking av vasskvalitet ved utløp. Tiltaka er beskrive i rapportane og konsekvensutgreiinga, og heimla i føresegna (§ 3.1.1). Planen gjev vidare Granvin herad ei rolle for oppfølging av reinsetiltaka, i lag med Direktoratet for mineralforvaltning og Fylkesmannen i Hordaland.

Støv vil òg vere eit tema i oppfølginga av drifta. Dette tema er utgreidd og vurdert i planen. At drifta vil generere støv er det ikkje tvil om. Planen viser eit opplegg for vatning i tørre periodar. Belastninga for omgjevnadane skal vere innanfor rammene sett i føresegnene, og krava i planen følgjer ureiningsforskrifta kapittel 30. Sjå òg punkt 5.

Planen med vedlegg gjev eit godt oversyn over kunnskapsgrunnlaget og korleis ein vil handtera utfordringane knytt til støv og avrenning til Storelva.

5. Dyrevelferd

Påstand: Konsekvensen av støv for dyrevelferd er ikkje godt nok vurdert.

Kommentar: Planen har utgreidd støv og konsekvensar av støv for nærområda, mellom anna er det innhenta fagkompetanse for vurdering av helseeffektar ved spreining av svevestøv (SWECO, rapport datert 11.02.2016). Det er vidare beskrive tiltak for støvflukt, sjå punkt 4.

6. Helse

Påstand: Helseplager frå støv og støy er ikkje godt nok handsama.

Kommentar: Planen har utgreidd støv og konsekvensar av støv for nærområda, sjå punkt 4 og 5. Planen og saksutgreiinga drøfter utfordringane ved drifta, òg frå eit subjektivt synspunkt. Sjølv om planen stettar krava i lovverket er heradet vel klar over at støv og støy frå industri kan opplevast som ein plage for enkelte. Kommuneoverlegen sitt innspel i saka var viktig for å peike på dette aspektet, og perspektivet går fram av saksutgreiinga. Moglege avgrensingar av driftstida vart drøfta i saksframlegget.

7. Støy

Påstand: Tvil om avbøtande tiltak mot støy.

Kommentar: Støy er eit tema som er godt utgreidd i planen. Det har vore to vurderingar av støy frå planområdet (SWECO, rapport datert 24.04.2013 og revidert rapport datert 18.12.2015), og desse dannar bakgrunnen for vurderinga av støy i konsekvensutgreiinga. Prinsippet for berekning av støy og støygrensar går tydeleg fram, og det er vist eit opplegg for avbøtande tiltak. Planen legg òg opp til oppfølging i løpet av drifta.

Vedk. roller i planprosessen

Påstand: Heradet som forvaltningsorgan opptrer partisk i saka når det bestiller ei geologisk vurdering.

Kommenar: Når tiltakshavar og plankonsulent leverer eit framlegg til reguleringsplan til 1. gangs handsaming (offentlige ettersyn) og dette vert vedteken politisk, er planen offentlig. Det er då heradet sitt ansvar – i samarbeid med tiltakshavar/plankonsulent i den grad det er naudsynt – å tilpasse planen best mogeleg til dei innkomne merknadane og andre tilhøve. Etter ei slik revidering vert planen lagt fram til slutthandsaming. Det følgjer då at Granvin herad kan bestille utgreiingar av tema i planen, ettersom dette er del av arbeidet fram mot slutthandsaming av planen.

Eigedomsspørsmål og heftelse

Påstand: Heftelser i kontrakt mellom Jernbaneverket og Granvin kommune vedk. overtaking av eigedom frå Jernbaneverket, gjer at ein ikkje kan regulere om og nytte jernbanetraséen til kommersielle formål.

Kommentar: Dei forhold ein peikar på i klagen er privatrettslige og ei sak mellom Granvin herad og Jernbaneverket. Heradet gjer merksam på at heftelsen ein viser til i klagen var meint å gje restriksjonar for bruk av stasjonsområdet ved Eide. Vidare har ein ikkje til hensikt å regulere eigedommen til anna bruk enn den noverande, som er transport.

Aud Gurine Erga

Klage på heradsstyresak, saksnr 002/17. Brev datert 29.01.16.

Klagar er nabo og grunneigar av gnr 88, bnr 1. Ho har òg skrive under på felles klage frå naboar og grunneigarar. Klaga gjeld i hovudsak helseplagar frå støy og støv i samband med prøvedrifta og den venta drifta av det planlagde steinbrotet. Klagar er også uroa over grunntilhøve, og stiller spørsmål ved habilitetsavgjerda i saka og gjennomføring av røystring i heradsstyremøte, jf. felles klage frå naboar og grunneigarar. Ho påstår vidare at ho ikkje har motteke noko skriftleg informasjon om tiltaket i form av brev/nabovarsling/kartskisse.

Kommentar: Problemstillingar knytt til støy, støv og grunntilhøve har vore grundig utgreidd i planen, og det er fastsatt avbøtande tiltak og oppfølging av drifta, jf. vedtak og føresegn. Når det gjeld desse tema viser ein til vurderinga av felles klage frå naboar og grunneigarar, del 2, punkt 1, 6 og 7. Dei konkrete utglidingane på Skjervsvegen er etter det heradet kjenner til et resultat av tungtrafikken som gjekk på vegen før Tunsberg tunnelen vart bygd, og er ikkje samanfallande med prøvedrifta av steinbrotet.

Når det gjeld habilitetsvurderingar og prosedyrar rundt heradsstyremøte 14.12.16 og 04.01.17 vises det til første del av denne saksutgreiinga.

Det er heradets ansvar å syta for at krava om medverking heimla i plan og bygningslova vert oppfylt i planprosessen. Saka har vore open, og planframlegg har mellom anna vore kunngjort i lokalavisa, jf. del 1 av vurdering av felles klage. I sakspapira går det fram at klagar har hatt gjentatt korrespondanse med heradet i samband med planprosessen, og stått som mottakar for relevant informasjon gjennom heile planprosessen, nærare bestemt:

- Invitasjon til informasjonsmøte om planoppstart, datert 03.06.13
- Melding om fastsetjing av planprogram, datert 28.05.14
- Planframlegg til offentlig ettersyn, datert 24.03.15
- Melding om vedtatt plan, datert 09.01.17

Norges Miljøvernforbund

Klage på heradsstyresak, saksnr 002/17. Brev datert 30.01.16.

Klagar krev at planane for Nesbø hellegneissone vert forkasta på bakgrunn av manglande dokumentasjon, vurderingar og omsyn til området naturverdiar og konsekvensane for det verna Granvinsvassdraget. Ein hevdar at dei avbøtande tiltaka i planen ikkje er tilstrekkelege for å sikre mot ureining og innverknad mellom anna på gytetilhøve for laksen. Ein stiller òg spørsmål ved habilitetsvurderingane i saka, og at planen ikkje tek naboane sine bekymringar for masseutglidingar på alvor.

Kommentar: Når det gjeld spørsmål vedkomande habilitet og grunntilhøve viser me til vurderinga av felles klage frå naboar og grunneigarar. Når det gjeld dokumentasjon av naturverdiar og vurderinga av konsekvensar for Granvinsvassdraget er dette òg kommentert her. Granvin herad har som ansvar å sikre dokumentasjon og oppsøke ekstern fagkompetanse ved behov. Dette har vore gjort i denne saka, og me har ikkje grunnlag til å tvile på det som kjem fram i dei rapportane som ligg føre. Heradet er avhengige av kompetansen til fylkesmannens miljøvernaving for å etterprøve dei vurderingane som er gjort vedkomande naturmangfald/naturmiljø. I denne saka har fylkesmannen trekt sitt motsegn etter at det vart gjort endringar i planen.